


Høyringsuttale RTP 2018-2027

Styret i Midtvegen 615 AS handsama høyringsuttale til regional transportplan torsdag 28.09.17. Vi er takksam for det som er utført sidan førre høyringsrunde i 2013 og kjem denne gang med innspel til tiltak om skredsikring, gang- og sykkelveg, mindre og større opprusting, beredskap, ladestasjonar og vedlikehald.

Tusen takk for skredsikring av Reddasvora!!

Sidan førre RTP i 2013 har Reddasvora blitt skredsikra. Vi vil rette ei stor TAKK til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Statens vegvesen og entreprenør K.A. Aurstad for løving, planlegging og utføring av dette viktige skredsikringstiltaket!



Tusen takk for oppjustering til funksjonsklasse B!!

Fylkesveg 615 har også blitt flytta frå funksjonsklasse C til funksjonsklasse B. Dette er med på å auke fylkesveg 615 sin status og kan gjere det lettare å få naudsynte tiltak prioritert.

Hopsstranda må inn på prioriteteringslista for skredsikring

Vi ber om at Hopsstranda kjem inn på prioriteteringslista for skredsikring (første tabell under pkt. 10.6 på side 64 i planforslaget). I april 2015 var det berre sekundar frå at Terje vart råka. Ingen veit når tid neste stein kjem og ingen veit om den er stor eller liten. Vegen vert nytta av born som skal til barnehage og skule. Det er snart 10 år sidan Vestre Hyen skule vart lagd ned og det er lite som har skjedd med denne vegstrekninga desse åra. Mange arbeidrarar og leverandørar til Brødrene Aa brukar også denne gjennomfartsvegen mellom Nordfjord og Sunnfjord. Vegen frå Hyen til Hope er også svært smal og det er starten på ein 36km lang flaskehals mot Storebru.



Dette biletet tok Terje Skamo med mobilen like etter raset. Største blokka hadde sprotte over rekverket og vidare ned i ura nedanfor vegen.

Gang- og sykkelveg Sandane-Fitje

Denne parsellen løfta opp til 2.prioritet i fylkeskommunen sin gå- og sykkelstrategi er og den må minimum ikkje kome lenger ned på prioriteteringslista. Frå Sandane til Fitje er det mange køyretøy som nyttar fylkesveg 615. Mjuke trafikantar er sårbare på ein svingete veg i møte med bilar. Det er stort behov for å bygge gang- og sykkelveg på denne vegparsellen!



Det er stort behov for ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 615 mellom Sandane og Bukta!

Andre prioriterte tiltak på den lange flaskehalsen

Det er vanskeleg å velje mellom tiltak på den 36 km lange flaskehalsen mellom Hyen og Storebru, men vi nemner 2 andre utanom Hopsstranda (sjå side 2).

Høgemuren

Dette er eit enkelt og rimeleg tiltak å sette i gang. Vi reknar med at grunneigarane er positive til at vegen vert utvida og dette vil føre til at den 36 km lange flaskehalsen vert delt i to med ein kort parsell med tofeltsveg på midten. Vegen over Høgemuren har det meste av det verste; smal, kurve(sving) og sterkt stigning. Ved rein breddeutviding er det ikkje krav til reguleringsplan jfr. samtale med Statens vegvesen sin tidlegare avdelingsdirektør for Sogn og Fjordane.

Brekken

Brekken har 3 slyng med smal veg mellom slynga. Det er stabbesteinlar på deler av vegen. Mange lange køyretøy har kjørt seg fast i dette området. Her må det opprusting til med ny veg som erstattar slynga, enten veg med høge skjeringar eller tunnel.

Kommentar til planforslag RTP 2018-2027

På side 65 i planforslaget står det «Tiltak prioritert i rapporten vert vurdert i samband med mindre mindre investeringsprosjekt». Vi meiner det er på høg tid at det vert gjort noko med den 36 km lange flaskehalsen og at dette må vise igjen i den andre tabellen under pkt. 10.6 på side 64 (sjå under).

Fv. 615 Sandane - Storebru	665	Rapport av 2017 som er oppdatering av rapport 2013. Kan delast opp i fleire mindre prosjekt. Tiltak prioritert i rapporten vert vurdert i samband med mindre investeringsprosjekt.																												
		<table border="1"> <thead> <tr> <th>Prioritering</th> <th>Prosjekt/Tiltak</th> <th>Funksjonskl.</th> <th>Kostnadsoverslag</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>1</td> <td>Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll</td> <td>B</td> <td>25,0</td> </tr> <tr> <td>2</td> <td>Fv. 611 Veiring II - bru</td> <td>C</td> <td>15,0</td> </tr> <tr> <td>3</td> <td>Fv. 624 Husavågøy ferjekai</td> <td>E</td> <td>15,0</td> </tr> <tr> <td>4</td> <td>Fv. 606 Meteplassar - Dumbesvingane i Solund</td> <td>C</td> <td>14,4</td> </tr> <tr> <td>5</td> <td>Fv. 50 Størlager Øystølen</td> <td>C</td> <td>0,5</td> </tr> <tr> <td>6</td> <td>Fv. 622 Snuplass Raudberg</td> <td>C</td> <td>2,0</td> </tr> </tbody> </table>	Prioritering	Prosjekt/Tiltak	Funksjonskl.	Kostnadsoverslag	1	Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll	B	25,0	2	Fv. 611 Veiring II - bru	C	15,0	3	Fv. 624 Husavågøy ferjekai	E	15,0	4	Fv. 606 Meteplassar - Dumbesvingane i Solund	C	14,4	5	Fv. 50 Størlager Øystølen	C	0,5	6	Fv. 622 Snuplass Raudberg	C	2,0
Prioritering	Prosjekt/Tiltak	Funksjonskl.	Kostnadsoverslag																											
1	Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll	B	25,0																											
2	Fv. 611 Veiring II - bru	C	15,0																											
3	Fv. 624 Husavågøy ferjekai	E	15,0																											
4	Fv. 606 Meteplassar - Dumbesvingane i Solund	C	14,4																											
5	Fv. 50 Størlager Øystølen	C	0,5																											
6	Fv. 622 Snuplass Raudberg	C	2,0																											

Vi er framleis usamd i at vegen skal opprustast til einfeltsveg med møteplassar i dei flata partia og meiner trafikkanalysen for fylkesveg 615 som Rambøll Norge har lagd fram er dokumentasjon på at trafikktala vert høgare enn tala i den overordna utgreiinga frå Statens vegvesen. Vi arbeider aktivt for å få utarbeidd kommunedelplan for fylkesveg 615 for parsellen Hyen-Høgemuren og dette ligg no inne i Gloppen kommune sin økonomiplan.


Mellom Hyen og Storebru har om lag 75 % av strekninga vegbreidde mindre enn 5 meter, medan 4 % av veglengda har breidde på meir enn 6 meter.



Figur 3.2: Registrert vegbreidde langs fv. 615 (NVDB)

DAGENS VEG

- Utbygd i tidsrommet 1912 – 1989
- Storebru – Hyen. Smalare enn 5 meter, krappe kurver og sterke stigningar. Middels køyrefart 53 km/time. Lite eigna for tunge køyretøy.
- Hyen - Sandane. Ca 6 meter brei eller meir, relativt flat, brukbar kurvatur. Middel køyrefart 61 km/time.



Det er ikkje berre bredda på vegen som skapar utfordringar. Næringstransporten vert hemma sidan det berre er inntil 15 meter lange vogntog som kan køyre på deler av strekninga. Mange transportørar vegrar seg for å køyre Hyen-Storebru.

STATENS VEGVESEN VEGLISTE, BRUKSKLASSE - TILLATE LAST OG VOGNTOGLENGDE

Sogn og Fjordane fylke Primære fylkesvegar (tidligere riksvegar)

Tømmer verdiar gjeld kun for 7-aksla spesialvogntog for transport av tømmer

Veg	Vegstrekning	Veglengde	Bruksklasse Sommar Vinter	Vegguppe	Tillate vogntooglengde Generelt Tømmer	Maks totalvekt Generelt Tømmer
FV 611	Sæla x kv. 18 - Stavang x fv. 542	36,401	Bk10	Ikkje	19.50	50
FV 614	Grov x rv. 5 - Sveigen - Isane fk.	73,142	Bk10	Ikkje	19.50	50
FV 614	Isane fk. - Stårheim fk. - Stårheim x rv. 15	0,429	Bk10	A	19.50	50
FV 615	Storebru x rv. 5 - Sagefossen kraftverk	11,860	Bk10	Ikkje	19.50	50
FV 615	Sagefossen kraftverk - Straume	24,236	Bk10	Ikkje	15.00	50
FV 615	Straume - Sandane - Kleivedammen x E39	33,863	Bk10	Ikkje	19.50	50
FV 616	Isane x fv. 614-Kalvåg-Smrhamn (kai) m/arm til Kalvåg	68,109	Bk10	Ikkje	19.50	50
FV 616	Kjelkesnes (kai) - Kjelkesnes x fv. 614	0,425	Bk10	Ikkje	19.50	50
FV 616	Måløy fk. - Måløy sentrum x rv. 15/fv. 617	0,129	Bk10	A	19.50	50
FV 616	Arm Kollsete - Sørdalsvatnet x fv. 614	11,839	Bk10	Ikkje	19.50	50
FV 617	Måløy sentrum x rv. 15 - Raudberg x fv. 600	5,681	Bk10	A	19.50	50
FV 618	Almenning x rv. 15 - Selje x fv. 632/kv.	37,993	Bk10	A	19.50	50
FV 618	Arm Eide - Kjødepollen x fv. 620	4,104	Bk10	A	19.50	50
FV 620	Møre gr. / Skorge - Leikanger	22,848	Bk10	Ikkje	19.50	50
FV 630	Voldum x E16 - Seltun A x E16	11,491	Bk10	Ikkje	19.50	50
FV 630	Sjurhaugfossen x E16 - Steinklepp x E16	7,472	Bk10	Ikkje	19.50	50

Omkøyringsveg for E39

Kva hadde skjedd dersom Våtedalen hadde blitt ramma av ekstremnedbør i staden for Utvik??

I Beredskapsplanen for omkøyringsvegar i Region vest (Statens vegvesen) er fylkesveg 615 beskriven som omkøyringsveg for E39 dersom denne vert stengt mellom Byrkjelo og Skei. Det skal då vera styrt trafikkavvikling mellom krysset til Eimhjellen (Heimsetkrysset) og Hyen. Vil dette fungere? Kvar skal ventande bilar plassere seg?



Vi er usikre på om fv. 615 har blitt testa skikkelig ut som omkøyringsveg for E39. Ein byggeleiari frå Statens vegvesen kom med denne uttalen om fylkesveg 615 sist E39 var stengt nær Reed (4.08.17):

«– Om du ikkje absolutt må fram, så er vårt råd at folk ikkje køyrer her. Omkøyringsvegen er ikkje anbefalt for store køyretøy».

24.juli var det fullstendig kork på fv. 615 sidan både fv. 60 og E39 var stengt. Då var det mange bilar som absolutt måtte fram! Sidevegar vart tatt i bruk for å frigjere plass på fylkesvegen!



Biletet er tatt av Annette Holme 24.juli

Fullstendig KORK på fylkesveg 615! Legg merke til bilen/bilane(?) til venstre i biletet som har køyrt ut av vegen for å frigjøre plass på fylkesvegen. Vi har fått tilbakemelding om at den lengste kolonnen talde 60 bilar og at det tok 45min å ta seg fram fra Nesholmen til Hyen (16km).

Fv. 615 - veg med stor regional nytte for framtida

Fylkesveg 615 er ein sentral veg for å kople midtre Nordfjord tettare saman med ytre (Florø) og midtre Sunnfjord (Naustdal og Førde). I april 2017 vart trafikkanalyse for fylkesveg 615 presentert. Med ein meir effektiv veg mellom desse tettstadane vil trafikken kom opp i ÅDT på ca. 1600 (konservative tal). Med brukarfinansiering kan dette finansiere ny veg for 1-2 milliard kroner. I ei tid med lågare investeringar til fylkesvegane er dette noko som må vurderast i samband med finansiering av opprustinga av fylkesveg 615.

Det er behov for ladestasjonar langs fylkesveg 615

Det er 69 km frå Sandane til Storebru. Det er behov for minst ein hurtigladestasjon på denne vegstrekninga. Aktuelle stader for ladestasjon er i Hyen og nær ny transformatorstasjon som det er planar om å bygge i nærleiken av Skogheim kraftstasjon. Det må også nemnast at fv. 615 er omkjøringsveg for E39. Det vert ikkje lettare å ta fram med straumlause El-bilar i vegbana!

Innspel knytt til vedlikehald

Kartlegging av sikringstiltak langs fylkesveg 615

Vi forventar at det også langs fylkesveg 615 vert kartlagt behov for tiltak for å redusere talet på utforkjøringsulykker. Nokre parti langs vegen har sterkt behov for rekkverk eller betongmur.



Utsiktsrydding langs smale vegar



Det hadde vore lettare å ta seg fram på den smale vegen dersom vegetasjonen/skogen hadde blitt fjerna meir enn 3 meter frå vegkanten!

Hanna O. Aa
Hanna Ommedal Aa
Styremedlem

Solveig Willis
Solveig Willis
styremedlem

Ole Bent Søreide
styremedlem

Steinar Kvame
Steinar Kvame
Styremedlem

Nickolai Willis
Nickolai Willis
styremedlem

Olav Klungre
Olav Klungre
styreleiar